


# KYRKJEBLAD

*For KVITESEID SOKN (Kviteseid, Vrådal, Brunkeberg, Fjågesund og Kilen)*



***God påsketid!***

**Les og om:** *Frå misjon til misjon. Kristen Salmelid tek avskjed, s. 4-7*  
*Ny dør i Vrådal kyrkje, s. 8-9*



# Kyrkjetrappa

## KYRKJEKONTORET I KVITESEID

Telefon: 35 06 81 31

Kviteseidgata 13, 3850 Kviteseid  
[kyrkja.no/kviteseid](http://kyrkja.no/kviteseid)



### Kyrkjeverje

Kristen Salmelid  
Kontor tlf: 35 06 81 31  
Mobil tlf: 970 47 860  
[post@kyrkjetrappa.no](mailto:post@kyrkjetrappa.no)



### Kyrkjegardsarbeidar/ kyrkjetenar

Håkon Heggtveit  
Mobil tlf: 911 83 750



### Sokneprest

Sigrun Lønning  
Solvang  
Mobil tlf: 924 18 778  
[prest@kyrkjetrappa.no](mailto:prest@kyrkjetrappa.no)



### Kyrkjegardsarbeidar/ kyrkjetenar

Jan Haugen  
Mobil tlf: 911 20 248



### Organist

Olav Holm  
Mobil: 934 01 156  
[organist@kyrkjetrappa.no](mailto:organist@kyrkjetrappa.no)



### Kyrkjegardsarbeidar/ kyrkjetenar

Bjørn Stian Sigurdslid  
Mobil tlf: 970 78 771



### Trusopplærar og kyrkjelydssekretær

Vi har ledig 50 % fast  
stilling. Ta kontakt om  
dette passar deg eller  
andre du kjenner.



### Prostidiakon

Eilev Erikstein  
3880 Dalen  
Mobil tlf: 911 13 580  
[eilever@online.no](mailto:eilever@online.no)

## Om bladet

Ansvarleg redaktør: Dagfinn Køhn,

Redaksjon: Øyvind A. Jørgensen

Framsidebiletet: frå alternativ i

Brunkeberg kyrkje

Foto: Dagfinn Køhn

Utforming og trykk: ETN Grafisk

## Gåver:

Bankkonto: 2660.45.14648

Vipps: 3850 (Den norske kyrkja i Kviteseid)

# Dødskreftene må vike

Djupast sett handlar den kristne påskefeiringa om to ting: forsoning og siger over dødskreftene. Er det noko me treng meir enn noko anna akkurat no, så er det jo faktisk dette: Forsoning og siger over dødskreftene!

Kvar einaste dag dør langt over tusen menneske i krigshandlingar i Ukraina, i Sudan, på Gaza og i eit titals andre konfliktområde i verda. Uforsonlege konfliktar splittar både folkeslag og einskildmenneske.

Konflikt er i seg sjølv eit heilt naturleg fenomen der menneske med engasjement møtest. Men konfliktar er til for å løysast i respekt for kvarandre for å finna nye felles mål. For når konfliktar derimot vert uforsonlege, er vegen kort til at dødskreftene koplar seg på, desse kreftene som gjer at alle taper. Ikkje berre vert det økonomisk tap, prestisjetap og tap av posisjonar. Når dødkreftene får spelrom, taper me vår evne til å vera menneskelege, til å sjå den andre som eit like verdfullt levande vesen som oss sjølve.

Ved Jesu død på Golgata for våre synder er vegen open for at me alle kan leggje frå oss våre uforsonlege sider og på nytt forsonast med Gud og med nesten vår. Grunnlaget er lagt, ingen av oss er lenger avskorne frå å leva forsona liv. Som om ikkje dette er nok; ved oppstoda frå dei

døde tredje dagen vart det heile overtideleg: Døden må vike for Guds krefter! For Jesu oppstode frå dei døde var ikkje ei eingongshending. Jesus var den første, men han skal slett ikkje vera den siste. Nei, opp skal me alle saman den dagen Jesus kjem att!

Dødskreftene lever framleis i verda vår, men dei står for fall. Difor er det vårt kall å kjempe for forsoning og kjempe saman med livskreftene så lenge me lever her!

*Asgeir Sele*



# Frå misjon til misjon

**Etter ni år i sjefsstolen avsluttar Kristen Salmelid nå si teneste som kyrkjeverje i Kviteseid. I august rykkjer han så å seie bokstaveleg talt tilbake til start, til Etiopia, der han i 1963 vart fødd inn i ein misjonærfamilie, og der han saman med kona Elin også sjølv har vore misjonær. Som nytilsett leiar i Misjonssambandet sin region i Aust-Afrika blir det nå difor som om ringen vert slutta for misjonsmannen.**



Etter å ha vore elev ved Kvitsund gymnas i ungdomen, kom Kristen tilbake til skolen i 2006, då saman med kona Elin. Etter om lag ti år der, hovudsakleg tilsett som administrasjonsleiar, starta han så som kyrkjeverje i februar 2016 og bygde seg hus i Midtsundvegen.

- Nå er du inne i ditt tiande år som kyrkjeverje. Er det kalenderen og tiårs-periodar som har fått deg til å skifte jobb?

- Eigentleg ikkje, sjølv om ei oppstykka fortid og ein ”kronisk reisefeber” nok spelar inn. Desse to jobbane i Kviteseid har vore dei lengste arbeidsperiodane i livet mitt. Vi kom hit frå Leirfjord i Nordland, der eg i fem år var flyktningkonsulent, og tidlegare har vi vore misjonærar sju år i Etiopia, for-

delt på to periodar. Denne gongen har det likevel meir samanheng med at det opna seg ei teneste i Afrika.

- Så det er ikkje slik at du flyktar frå jobben som kyrkjeverje?

- Nei, slett ikkje. Eg har hatt gode år som dagleg leiar for Kviteseid sokn. Det har vore ein interessant og gjevande jobb som har passa godt for meg, med varierte og meiningsfulle arbeidsoppgåver. Eg vonar og trur at eg har fått bety noko positivt for kyrkja i Kviteseid, og kanskje òg for bygda.

- Då du starta som kyrkjeverje, bygde de nytt hus i bygda. Forlèt de nå alt dette for godt?

- Nei. Medan eg lenge tenkte på Etiopia som heimlandet mitt, er eg nå trygg på at det er

Noreg og Kviteseid som er heimen vår. Eg gler meg like fullt til å flytte tilbake til det som var heimlandet mitt i barndomen, sjølv om det nok berre blir for ei avgrensa tid. Vi slepp å pakke ned og flytte ut frå huset i Midtsundvegen, for eldste sonen vår flyttar hit og tek vare på det framover. Dessutan kjem vi tilbake så ofte vi kan, minst eit par gonger i året, på ferie og i andre samanhengar. Elin skal ha ei mindre stilling i Etiopia, så ho blir meir fri til å ha litt lengre opphold i Noreg når vi først kjem. Ho er òg meir glad i vinter og snø enn eg er. Med bakgrunnen min frå Afrika liker eg bestvêret og varmen i sydlege strok.

- Så du veit kva som møter dykk når de snart flyttar sørover?

- Både ja og nei. Det er 25 år sidan sist vi arbeidde der, så mykje har nok endra seg på den tida. Vi har rett nok vore tilbake på ferie om lag kvart femte år, men det blir likevel ikkje heilt det same. Landet har hatt enorm utvikling og vekst, på godt og vondt. Det har vore, og er framleis, ein del uro mellom stammar og ulike folkegrupper, så UD

anbefaler for tida nordmenn om ikkje å reise utanfor hovudstaden. Men når vi først må reise, vil vi måtte gjere nødvendige tiltak; ikkje stoppe på utsette strekningar og t.d. gjerne køyre fleire bilar saman. Er det mogleg, så flyr vi dei lengste strekningane og over potensielt urolege område.

- Det høyrest ut som eit heilt anna tilvære enn her heime?

- Det er det, men i sjølve arbeidet vil eg nok kjenne meg trygg og på heimebane. Som regional leiar skal eg ha kontakt med dei lokale kyrkjene som misjonen har samarbeidd med i 75 år. Den evangeliske kyrkja i Etiopia, Mekane Yesus, er faktisk den største lutherske kyrkja i verda med over 11 millionar medlemer av eit folketal på 130 millionar. Samarbeidskyrkjene i Kenya og Tanzania er også store. Der begynte Misjonssambandet arbeid i 1951 og 1977. I Kenya starta vi opp då den kommunistiske revolusjonen kom i Etiopia. Vi hadde som familie periodeslutt akkurat i 1977, så vi reiste til Noreg, medan andre starta opp nytt arbeid i nabolandet.



*Ein lokal kyrkjelyd i Nairobi, Kenya*

- Og nå reiser de tilbake på nytt. Er det framleis trong for misjon i eit land med så mange kristne?

- Dei nasjonale kyrkjene er sjølvstendige og styrer seg sjølve. Misjonssambandet har nå hovudfokus på område der vi ikkje har vore tidlegare. Framleis er det mange store landområde og folkeslag som ikkje er nådd med evangeliet, den gode bodskapen om frelse, og saman med dei lokale kyrkjene jobbar vi for å nå ut til stadig nye stader, gjerne til plassar og folkegrupper som er sterkt prega av islam. Dette tyder at dei fleste misjonærane frå Noreg i dag arbeider i krevjande område med mellom anna høge temperaturar og store utfordringar for oss som kjem frå eit kulturelt kristent land. Kyrkjene i Aust-Afrika har også stort misjonsfokus og sender sjølve ut misjonærar både til andre land og til sine eigne folkegrupper.

- Korleis samarbeider de med dei lokale kyrkjene?

- I tillegg til misjon, som eg allereie har nemnt, arbeider vi dels åleine og dels saman med dei nasjonale kyrkjene og andre organisasjonar med mange gode prosjekt innan samfunnsutvikling, helse, medie-arbeid, bibelomsetjing og teologisk utdanning, for å nemne noko. Her er det store

nasjonale stabar og mange gode medarbeidarar. På den norske skolen i Nairobi er det også ein stor norsk stab. Der er det mellom anna mange afrikansk-norske elevar som snakkar norsk og har budd i Noreg i delar av livet sitt.

Men vi held òg ein viss kontakt med dei gamle arbeidsområda, der vi nå er over i ein venskapsfase. Dei relasjonane må også pleiast.

- Elin og du har vore i Etiopia i to periodar tidlegare. Kva ser de for dykk denne gongen?

- Misjonen opererer nå med meir "normale" stillingar; faste og oppseielege, ikkje som før, då det var vanleg med periodar på frå to til opp til fem år, slik det var i min barnedom. Nå tek vi ein dag om gongen og ser korleis det nye tilværet blir for oss. Vi fyller begge 62 dette året, så helsa vil vere ein faktor. Stort ansvar og krevjande oppgåver kan vere ein annan, og familien her heime ein tredje. For tida er det litt vanskeleg å få arbeidsløyve i landet, så det kan òg ha innverknad på opphaldet. Vi er difor opne for at det kan bli alt frå seks månader til to-tre år. Nøkternt tenkt er dette kan hende ikkje det smartaste vi har funne på når vi nå nærmar oss pensjonsalder, men vi er rolege for at det er dette vi skal gjere nå frå hausten av, og så ser vi kor lenge det blir. I alle høve går vi i tru på vår Herre og Frelsar. Han som har bode oss å gå ut og gjere alle folkeslag til læresveinar og som har all makt i himmel og på jord, han har omsorg for oss, og han har lova å vere med oss alle dagar.

- Korleis tenkjer de då at dagane og tilværet blir?



Kristen ved misjonen si tomt i Addis Abeba



Elin og Kristen med sitt 7. barnebarn

- Vi gler oss, men vi er samstundes budde på både spenning og utfordringar, til dømes med språket. Elin har kan hende gløymd det meste av amhariskspråket ho lært i 1991-92, og eg har gløymd noko, så vi får oppfrisking på språkskole. Eg må nok også bruke ein del engelsk, særleg i naboland, på kyrkjemøte og skriftleg. Så blir det spennande å sjå kvar og korleis vi skal bo. Vi får ikkje mange norske rundt oss til dagleg, men vi reknar med at mange gjester kjem innom. Kviteseid kyrkje og Misjonshuset blir for ei tid bytta ut med mange spennande kyrkjer og kyrkjelydar med eit svært annleis gudstenesteliv. Ein vanlig sundag heime vil vi nok gå i Redeemer International Church, som er Mekane Yesus-kirka sin internasjonale kyrkjelyd for utlendingar i hovudstaden Addis Abeba. Den held til i kapellet på tomta der vi skal bu. Der vart det i februar vigsla ein ny dansk prest, som til dagleg underviser på det teologiske seminaret kyrkja har i byen.

- Du blir på kyrkjekontoret ut juni. Har de ordna med billettar til den lange turen sør-over?

- Nei. Dato for utreisa er heller ikkje fastsett, men det blir ein gong i august. Turen er lang og avstanden heim til familien blir stor, men verda har likevel endra seg til det betre når det gjeld kommunikasjon. Vi kjem til å sakne våre fire barn, 7 barnebarn og resten av familien, men med borna våre busette i Kviteseid, Kristiansand og i Oslo, nyttar vi allereie nå telefonen for å halde kontakt. Det blir det nok endå meir av når vi kjem til Afrika. Borna har jo delvis vakse opp i Etiopia, så dei veit litt om kva vi går til, og dei kjem gjerne på besøk. I tillegg har eg framleis min gamle far på 88 år, men han har sjølv vore i Etiopia i over 40 år og veit godt kva misjon og avstand frå familie er – utan at det betyr at det blir lettare av den grunn.

- Soknerådet inviterer til avskjedsfest for Elin og deg etter messa 29. juni, og kyrkjebladet vil også med dette rette ein stor takk for det store arbeidet du har lagt ned som kyrkjeverje i Kviteseid!

- Takk for det, og takk tilbake! Det blir nok rart å låse seg ut siste dagen, men samstundes kjennest det rett å overlate stafettinnen og kyrkjekontoret til andre. Det blir spennande å sjå kven som kjem etter meg. Eg kan i alle fall sterkt anbefale stillinga til den rette personen. Vi kjem til å sakne vener og kollegaer i Kviteseid, og ikkje minst fellesskapet på Misjonshuset og i kyrkja, og om vi flytter bort ei tid, så kjem vi tilbake og heim att! Og heilt på tampen: Vi tek gjerne imot besøk, og vi er svært takksame om de som bed, hugsar på oss i bøn!

D.K.

# Ny dør i Vrådal kyrkje

*I mange, mange år har det vore klart at hovuddøra i Vrådal kyrkje burde vore skifta ut. No er det endeleg gjort. Audun Hauglid har hatt arbeidet med å lage og montere døra. Han er utdanna møbelsnikkar og har drive Hauglid Trevare i mange år. Der har han m.a. produsert kjøkken og trapper. Nokre dører har han også laga, men aldri ei så stor dør som no, to temmeleg tunge dørblad. No har Hauglid 60% stiling i Kvito, og elles driv han verksemda i Kviteseid.*



«Då eg fekk spørsmålet, var min første reaksjon at dette vil eg ikkje», seier han. «Eg visste at ei så stor dør med så mange bitar ville bli ei utfordring og ville krevje mykje arbeid. Men etter ein del mas frå kyrkjeverja tok eg det på meg.» Døra skulle vere ein kopi av den gamle. Det første Hauglid måtte gjere, var å ta mål og bilete av den, og undervegs blei det også mange turar til Vrådal. Arbeidet byrja med å lage ny karm etter nøyaktige mål av den gamle. Så kunne han ta til med sjølve døra - eller dørene, for det er jo ei dobbeldør. Materialane som er nytta, er furu. «Eg hadde nokre materialar sjølv, og så plukka eg ut dei beste. Eg prøvde mest mogleg å unngå kvist.»

Hauglid tok imot Kyrkjebladet på verkstaden sin, og vi fekk sjå den ferdige døra. For ein som har det meste av kunnskapen om snekring frå sløyden på folkeskulen, er det ikkje lett å forstå alt han forklrar om konstruksjonen, og enklare er det ikkje å forklare det vidare. Men vi skjønar at det er eit krevjande arbeid. Fyrst måtte han lime saman trestavar til laminat med vassfast lim. Så måtte delane bli utforma slik dei skulle vere, og så bli sette saman. «Dei er festa til kvarandre ved tapping. I endane på tappane er det kilar som strammar tappane så dei sit betre fast. Tappane er låste med trenaglar», fortel Hauglid. «Det er ein gamal metode som var nytta på den gamle døra. Då måtte det



bli gjort slik no også, men denne metoden blir faktisk nytta av stadig fleire i våre dagar. Ein fordel er at det då er mogleg å ta døra frå kvarandre dersom det skulle bli behov for å skifte ut delar.»

Dørspeglane er felte inn i noter, altså i spor som er skore inn i konstruksjonen omkring. Her måtte det bli teke omsyn til at speglane kan svelle, særleg om hausten når det er fuktig. Treverket utvidar seg og trekk seg saman, ganske lite i lengderetninga men meir i breidderetninga. «Eg er spent på korleis døra vil oppføre seg. Eg har gjort det eg kan, men det er ganske vêrhardt ved kyrkja i Vrådal, og ikkje minst tek sola på treverket.»

Arbeidet byrja i november. «Eg hadde håpa å bli ferdig på nyåret», seier Hauglid, «men det var meir arbeid enn eg trudde, så eg var ikkje ferdig i verkstaden før midt i februar. På den tida av året tek det lengre tid for målinga å tørke, men til gjengjeld er det ein fordel at det er tørt i lufta.»

*Korleis har det vore å lage ei kyrkjedør?  
Det er jo ikkje akkurat vanleg.*

Audun er beskjeden, men «jau, det er spesielt. Og eg må seie det er ei stor ære å få lage ei kyrkjedør.»

Fredag 28. februar blei døra frakta til Vrådal. Audun hadde med seg sonen sin, Vegar, og så var kyrkjetenarane Jan Haugen og Håkon Heggtveit med. Dei måtte skjere laus karmane til den gamle døra og setje inn dei nye karmane og dei to dørblada. Måndagen etter blei døra festa fastare, og stormkrokar blei sett på. Det passa bra akkurat då, for det var kraftig vind den dagen. Siste delen av arbeidet var å skjere til og setje på listene.

Ø.A.J.



*Døra er på plass. Frå venstre: Audun og Vegar Hauglid, Håkon Heggtveit og Jan G. Haugen*

# Prestesituasjonen i Vest-Telemark

Som mange har registrert, er det innsparingar i presteressursane over heile landet. Mest synleg her i Vest-Telemark er nok at soknepreststillinga i Nissedal har stått ledig frå i fjor sommar. «I møte med høge pensjonskostnader og underskot dei siste åra, er det behov for tiltak som gjev varig effekt», kan vi lese på Den norske kyrkja si heimeside. Staten dekkjer ikkje opp for underskotet, så kyrkja må skjere ned på utgiftene. For at det i minst mogleg grad skal gå ut over kyrkjelydane, er det skore ned 35 stillingar i sentraladministrasjonen i Oslo og 30 ved bispedømekontora, men det er altså innsparingar i prestetenesta ute i kyrkjelydane også. I Agder og Telemark bispedøme dreiar det seg om 6,5 stillingar til saman.

Vi har kontakta prosten vår, Asgeir Sele, for å få høre meir om dette, og då særleg om konsekvensane for Vest-Telemark. Han kan fortelje at det som no skjer, dessverre ikkje berre er ein hestekur for å ta att eit tidlegare underskot. Inntil vidare må vi innstille oss på ein strammare økonomi. Det heng m.a. saman med heile ordninga for statleg finansiering av trus- og livssynssamfunn. No er det slik at Den norske kyrkja først får fastsett sine løyvingar, og så får dei andre tilsvarande i høve til medlemstal. Så er det blitt slik i dei seinare åra at medlemstalet i kyrkja har gått ned, medan det har gått opp hos dei andre. Då aukar utgiftene for staten. Heile denne ordninga er no til utgreiing i eit statleg utval. Kva utfallet blir, er til sjuande og sist eit politisk spørsmål.



*Korleis er så konsekvensane for Vest-Telemark?*

«Her i Øvre Telemark prosti har vi blitt pålagde å spare inn eitt årsverk. Då kan vi ikkje berre ta bort ei stilling, men må dele på reduksjonen, elles vil éin stad vere utan prest. No er det ein vakanse på eit år for stillinga i Nissedal. Fram til sommaren fungerer soknepresten i Eidsborg, Mo og Skafsdå i stillinga, og soknepresten i Fyresdal har hatt konfirmantane. Stillinga i Nissedal er no lyst ut, og det skal vere ein tilsett på plass frå sommaren.

På forsommaren blir soknepresten i Seljord pensjonist, og då må den stillinga bli ståande vakant i tre kvart år fram til slutten av mars 2026. I den perioden vil soknepresten i Eidsborg, Mo og Skafsdå fungere som sokneprest i Seljord, som i tillegg må få tilført andre mellombels presteressursar.

Når det kjem ny prest i Seljord i mars neste år, blir soknepresten på Rjukan pensjonist. Noverande sokneprest i Rauland, Høydalsmo og Lårdal blir då sokneprest i Rauland og på Rjukan. Soknepresten i

Eidsborg, Mo og Skafså, som då er ferdig i Seljord, overtek då Høydalsmo og Lårdal.

Då vil det bli ei fast ordning. Ein kan ikkje basere varige nedskjeringar på vakansar. I den faste ordninga blir det heile stillingar, men ressursane vil bli fordelt. Nissedal får 75% prestedekning og dei resterande 25% av arbeidstida blir overført til Kviteseid. Kviteseidpresten skal då ha 25% av arbeidstida si i Seljord, og Seljordspresten skal ha 25% av arbeidstida i Vinje kommune. Soknepresten i Fyresdal skal bruke 25% av arbeidstida på konfirmant-

og ungdomsleiararbeidet Ønsket og elsket, noko som avlastar dei andre prestane i konfirmantarbeidet.

Det blir altså ressursrøkering i kjeda Nissedal-Kviteseid-Seljord-Vinje. Ein av grunnane til at ikkje Nissedalspresten går direkte til Vinje med 25%, er den lange avstanden. Dessutan er det også nokre fordelar med å ha to prestar på ein stad. Det gjev m.a. meir rom for fleksibilitet.»

*Intervju v. ØAJ*

# Vest-Telemark



**Tidlegare Tokke begravelsesbyrå  
og Seljord gravferdsbyrå**

**DØGNVAKT  
928 13 634**

**Gravferdstenester. Gravstein.  
Omsliping, påskrift, vase og oppussing  
av eldre gravstein.**

[www.vtgravferd.no](http://www.vtgravferd.no)

# Håps-seminar i Bamble

**Onsdag 12. mars deltok fem staute damer frå Kviteseid sokn på årets HÅP-samling i regi av Agder og Telemark bispedømme og SMM; Samarbeid Menighet og Misjon. Staden var Bamble kyrkje, og fokus var dei forfølgde kristne.**

Kviteseid sokn har nyleg valt prosjekt frå Stefanusalliansen som sitt nye misjonsprosjekt. Denne samlingen var ein god og informativ start for oss som deltok. Stefanusalliansen var representert ved to av leiarane for organisasjonen. Dei gav oss eit innblikk i den røyndomen mange kristne lever i. Det gjer sterkt inntrykk å få ansikt å knytte slike historier til. Vi kan kjenne på maktesløyse; kva kan vel vi gjere? Alle historiene vitna om enorm tillit til Gud og kva bøn kan utrette. Å ikkje vere gløymd; å vite at nokon ein stad i verda bed for dei, er av stor betydning.

Vi har eit stort bøneansvar!

Vi fekk også høyre om SAT-7, ein kristen TV-kanal i Midtausten. Dei har sendingar på arabisk, persisk og tyrkisk i 25 land i Midtausten, Nord-Afrika og Europa. Målet er å nå inn med Guds ord i land der kristendom ikkje er tillate. Dei driv eit enormt arbeid med dyktige og flinke medarbeidarar, og det blir laga sendingar for alle aldersgrupper.



Frå venstre: Nils Endre Eikeland, NMS og SAT-7, Birgitte Bugaard Ørnes, NMS, Ellen Katrine Kohn, Åsa Wendel, Marit Sørby, Marianne Haugerud, Stefanusalliansen, Sigrun Solvang, Astrid Breivik og Hilde S. Vollebæk, Stefanusalliansen.

Stefanusalliansen vil gjerne kome på besøk til Kviteseid og støtte oss med alt vi treng av materiell i arbeid med det nye misjonsprosjektet vårt. Vi vonar og ønskjer at vi i Kviteseid vil støtte opp om dette viktige arbeidet både med pengar og med bøn!

Astrid Breivik

Barnesida fekk vi dessverre ikkje med denne gongen, men om de ønskjer det, kan de nett-søkje på ”søndagsskolen, menighetsblad → Bladet Barnas og ...”

# Ein salme eg er glad i

***Det kom opp ein idé om at Kyrkjebladet kunne ha ei spalte der vi spør folk om ein salme dei er glad i og som vi kan skrive litt om. Vi tok turen til Anne May Omtveit denne gongen.***

Svaret kjem spontant: «Bred dina vida vingar.» Den lærte ho i barndomen i Fluberg, ei bygd i nordenden av Randsfjorden. «Mor var pianolærar og far speila fele. Det var mykje song og musikk i heimen vår. Alltid når det kom folk på besøk, var det song og musikk.» Denne salmen song dei også i KFUK-speidarlaget, som Anne May var med i. «Dottera til presten dreiv dette arbeidet, og møta var på kjøkkenet i prestegarden. Dit var det ikkje så langt, så vi kunne gå eller sykle eller sparke.» I dette året blir Anne May 90. Det blir ikkje så mykje song no som tidlegare, fortel ho, men songgleda, den har ho framleis med seg.

## Bred dina vida vingar

Denne salmen er skriven i 1865 av den kjende svenske songforfattaren Lina Sandell (1832-1903). Ho tok utgangspunkt i eit bibelsk motiv, Gud som ei fuglemor som tek ungane under vengene sine og vernar dei mot storm og fare. Vi kan t.d. lese i Salme 36 i Bibelen: «Kor verdfull din kjærleik er, Gud! I skuggen av dine venger søker menneskeborna ly.» Det var dette biletet Jesus brukte då han sa til Jerusalem: «Kor ofte ville

eg ikkje samle borna dine som ei høne samlar kyllingane under vengene sine.» Matt. 23,37. I det fyrste utkastet til Sandell lét dei to fyrste strofene slik: «Bred dina vida vingar, o Jesus, över mig, och låt din lilla kyckling få gömma sig i dig.» Denne salmen er ei kveldsbøn. Fyrst ei individuell bøn for «mig», om stille kville, nåde, syndsforlating og eit heilagt sinn. Så, i dei siste linene, vidar blikket seg utover, og det er tydeleg at det er kveldsbøn: «Tag i din vård och hägnad oss alla, stora, små, och låt i frid oss åter til nattens vila gå!»



ØAJ

*Bred dina vida vingar,  
o Jesus, över mig  
och låt mig stilla vila  
i ve och väl hos dig!  
Bliv du mitt allt i alla,  
min visdom och mitt råd,  
och låt mig alla dagar  
få leva blott av nåd!*

*Förlåt mig alla synder  
och två mig i ditt blod!  
Giv mig ett heligt sinne,  
en vilja ny och god!  
Tag i din vård och hägnad  
oss alla, stora, små,  
och låt i frid oss åter  
til nattens vila gå!*

# Tusen takk for di gåve!

**Kr 28.600 kom inn gjennom kyrkjebladet i 2024.  
Det var 45 enkeltgåver og kontingent.**

På annonser i bladet fekk vi inn kr 30.000,-, som kjem i tillegg til dei private gåvene. Kostnadene med oppsett, trykking og distribusjon vart akkurat dekka av inntektene.

Annonseinntektene i 2025 blir mindre, så vi er framleis avhengige av dine gode gåver og at mange betaler kontingent.

**Kontingent for kyrkjebladet for 2025: kr 200,- pr. husstand**

Bruk **bankkonto 2660.45.14648**, eller **Vipps til nr 3850**, kategori '3 Kyrkjebladet'.

Med bruk av vipps kan du sjølv aktivere skattefrådrag på alle dine gåver til Kviteseid sokn.

## Tusen takk for di støtte!

### Kvittering

Innbetalt til konto

2660.45.14648

Beløp

Betalerens kontonummer

Betalingsinformasjon

### GIRO

Underskrift ved girering

Betalt av

Betalt til

Kviteseid sokn  
Kviteseidgata 13  
3850 Kviteseid

Kroner

Øre

Til konto

<

>

2660.45.14648

# LIVETS GANG sidan sist kyrkjeblad

## Døpte

*Brunkeberg*

Mari Grønlid Wisland

## Kviteseid

Nora Marumsrud Snaunes

Ånund Hille Lundevall

Sofie Slåtta Berge

## Døde

*Kviteseid*

Randi Margit Botnen

Ella Marie Karlsen Sundsbarm

*Brunkeberg*

Berit Andersen

Margareth Karla Amunda Håtvit

Anne Asborg Bjørnflaten Tiseth

## Vrådal

Kjetil Findreng

Kristian Wæness Wraa

Per Dagfinn Bråthen

## KALENDER

### Babysong

Misjonshuset, Kviteeid

Om lag kvar torsdag kl. 11-13

### Føremiddagstreff

Misjonshuset, Kviteeid kl. 11

april: onsdag 23.

mai: ingen

juni: sommaravslutning

vert annonseret seinare

### Språkkafé

Misjonshuset, Kviteeid

tysdagar kl. 15.30

8. april, 20. mai og 17. juni

### Årsmøte

Årsmøtet for soknet vert halde etter gudstenesta i Vrådal kyrkje 2. pinsedag, 9. juni.

Årsmeldingar, rekneskap og høve til samtale om verksemda.

### Avskjedsfest

Søndag 29. juni tek soknet farvel med kyrkjeverje Kristen Salmelid. Etter messa arrangerer soknerådet avskjedsfest på Misjonshuset i Kviteeid.

Alle er hjarteleg velkomne!

### Kviteseid Normisjon

Møter på Misjonshuset tysdagar og sundagar. Sjå annonsering og eige program.

### Vrådal Normisjon

Det har ikkje vore aktivitet her ei tid,

men laget er ikkje lagt ned.

Det vert vurdert å setje i gang noko

aktivitet til hausten. Den 13. mars

var det årsmøte, og desse vart valde:

Øyvind A. Jørgensen, leiar, og Unn Kaia Naper og Herdis Nordbø Jørgensen, styremedlemer.

Varamedlemer: Olav Tveitane og Marit Sørby.

**RETURADRESSE: KYRKJEKONTORET - KVITESEIDGATA 13, 3850 KVITESEID**

## GUDSTENESTELISTE

### APRIL 2025

**Tors. 17.04. – Skjærtorsdag**  
Brunkeberg kl. 18.00 Takkoffer til  
Blå kors

**Fre. 18.04. – Langfredag**  
**Kviteseid** kl. 11.00  
Takkoffer til kyrkjelydens  
misjonsprosjekt

**Sun. 20.04. – Påskedag**  
**Kviteseid** kl. 11.00  
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet  
**Vrådal** kl. 13.30  
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

**Mån. 21.04. – 2. påskedag**  
**Fjågesund** kl. 11.00  
Takkoffer til kyrkjelydens  
misjonsprosjekt

**Sun. 27.04. – 2. s. i påsketida**  
**Vinjehuset** kl. 15.00 – felles  
diakonisamling  
Takkoffer til Diakonatet

### MAI 2025

**Sun. 04.05. – 3. s. i påsketida**  
Inga messe i soknet

**Sun. 11.05. – 4. s. i påsketida**  
**Kviteseid brygge** kl. 11.00  
Godhetsgudsteneste  
**Brunkeberg** kl. 15.00  
Samtalegudsteneste med  
konfirmantane  
Takkoffer til kyrkjelydens  
trusopplæring

**Laurd. 17.05. – 17. mai**  
**Kviteseid** kl. 11.00  
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet  
**Fjågesund** kl. 12.30  
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet  
**Brunkeberg** kl. 14.00  
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

### SUND. 18.05. – 5. s. i påsketida

Inga messe i soknet

### SUND. 25.05. – 6. s. i påsketida

Inga messe i soknet

### TORSD. 29.05. –

#### Kr. Himmelfartsdag

**Vrådal gamle kyrkjegard** kl. 11.00  
Takkoffer til kyrkjelydens  
misjonsprosjekt

### LAURD. 31.05. – Konfirmasjon

**Brunkeberg** kl. 11.00  
Takkoffer til kyrkjelydens  
trusopplæring  
**Vrådal** kl. 13.30  
Takkoffer til kyrkjelydens  
trusopplæring

### JUNI 2025

**SUND. 01.06. – Sundag før pinse**  
Inga messe i soknet

### SUND. 08.06. – Pinsedag

Kviteseid kl. 11.00 – Konfirmasjon  
Takkoffer til kyrkjelydens  
trusopplæring

### MÅND. 09.06. – 2. pinsedag

**Vrådal** kl. 11.00  
Takkoffer til Kvitsund gymnas  
Årsmøte etter messa

**SUND. 15.06. – Treeiningssundag**  
Inga messe i soknet

**SUND. 22.06. – 2. s. i treeiningstida**  
**Kviteseid gamle kyrkje** kl. 11.00  
Takkoffer til Kirkens SOS, Telemark  
Opning av Bygdetunet

**SUND. 29.06. – 3. s. i treeiningstida**  
Kviteseid kl. 11.00  
Takkoffer til Søndagsskolen, Telemark  
Avskjedsfest for Kristen Salmelid etter  
massa.

### JULI 2025

**SUND. 06.07. – 4. s. i treeiningstida**  
Kilen kl. 17.00 – felles messe med  
Lunde. Takkoffer til MF

**SUND. 13.07. – 5. s. i treeiningstida**

Vrådal kl. 11.00  
Takkoffer til Acta Normisjon

**SUND. 20.07. – 6. s. i treeiningstida**  
Inga messe i soknet

**SUND. 27.07. – 7. s. i treeiningstida**  
Inga messe i soknet

### TYSD. 29.07. – Olsok

Kviteseid gamle kyrkje kl. 17.00  
Takkoffer til IKO

### AUGUST 2025

**SUND. 03.08. – 8. s. i treeiningstida**  
Kilen kl. 17.00  
Takkoffer til Bibelselskapet

**SUND. 10.08. – 9. s. i treeiningstida**  
Brunkeberg – friluftsmesse  
Sjå annonsering for tid og stad.  
Takkoffer til kyrkjelydens  
trusopplæring

**SUND. 17.08. – 10. s. i treeiningstida**  
Inga messe i soknet

**SUND. 24.08. – 11. s. i treeiningstida**  
Kviteseid gamle kyrkje kl. 11.00 –  
Kviteseiddagen  
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

**SUND. 31.08. – 12. s. i treeiningstida**  
Kviteseid kl. 11.00  
Takkoffer til kyrkjelydens  
misjonsprosjekt

### SEPTEMBER 2025

**SUND. 07.09. – 13. s. i treeiningstida**  
Vrådal kl. 11.00 – familiegudsteneste  
Takkoffer til kyrkjelydens  
trusopplæring

